



Torsdag var containaren ikkje omgjeve av søppel. Men korleis er biletet etter ei ny helg? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den truleg mest omtala og omskrevne bosscontainer i Kvinnherad er den som no står der Børnesvegen tek av frå riksvegen. No er den i søkjelyset att.

SIM trugar med å fjerna den fordi den seinast i helga var omgjeve av søppel som i stor grad var spreidd av fuglar. Men ei fjerning vil ikkje løyse problemet. Plasser containaren meir sentralt.

Det skriv Knut Herzberg Lie i eit innlegg som ein finn i spalta " e-post til oss". Han trur også at misbruk av fastbuande vil begrense seg med ei meir sentral plassering, til dømes ved butikken eller bensinstasjonen.

Har du synspunkt på containaren og plasseringa? Send dei til oss!